

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 10. januar 2024

<u>Tid:</u>	10.01.24, kl. 19.00-20.30
<u>Stad:</u>	Vestnes bibliotek
<u>Til stades:</u>	Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas
<u>Gjestar:</u>	Tordis Sivertsen (sak 1), Jostein Bø og Lars Sigmund Kleive

Sakliste:

1. Orientering frå skriftstyreleiar Tordis Sivertsen

- Vestnes Sogelag sitt årsskrift 2023 har fått gjennomgåande gode tilbakemeldingar. Salet av årsskriftet er det òg grunn til å vere nøgd med. I tillegg til bøkene delt ut til medlemmane av sogelaget, har det har til no vore selt om lag 130 bøker. Dessutan har sponsorar og skular motteke opp mot 100 eksemplar. Utgiftene til trykking har vore betydeleg lågare samanlikna med tidlegare. Det økonomiske overskotet av årsskriftet er so langt om lag 70 – 80 000 kr. I det heile er ein i skriftstyret tilfreds med skifte av forlag, med omsyn til både kostnadar og samarbeid med trykkeriet.
- Når det gjeld neste utgåve av årsskriftet er skriftstyre prega av optimisme. Allereie no er fleire artiklar meir eller mindre ferdige. Skriftstyret skal ha årets første møte i veke 3, der ein skal planlegge framdrift og fordeling av oppgåver.
- Elles oppmodar skriftstyret sogelaget til å arrangere ei opprydding i lageret, der me kvittar oss med storparten av eldre årgangar av årsskriftet. Her vil styremedlemmane Hellen og Gjermundnes ta ansvar for å organisere ein oppryddingskomité, som skal møtast 16. januar. Her vil ein vurdere kva som lyt takast vare på, og kva ein kan gje vekk til interesserte.
- Når det gjeld digital lagring av artiklane i årsskrifta er det særleg viktig å ta vare på bildematerialet. Her skal det nemnast at alle sogelagsbøkene er digitalt tilgjengelege på Nasjonalbiblioteket sine nettsider.

2. Orientering frå Bø og Kleive på vegne av fotogruppa

- Fotokvelden på Ljosvang i oktober vart ein stor suksess, og liknande arrangement bør heilt klart vere noko sogelaget lyt satse på framover.
- Styret kom fram til at vi må ha som eit mål å arrangere ein fotokveld på Gjermundnes til hausten, der storparten av bildemotiva skal kome frå dei austlege områda av kommunen.
- Bø og Kleive har no fått oversikt når det gjeld personar og annan info angående alle bilde som vart vist fram på Ljosvang.
- Fotogruppa har elles ein del bilde som kan vere aktuell for ei ny utgåve av «Før i ti'n».

3. Planlegging av årsmøte

- Foreslått dato: 21. mars, kl. 19.
- Styreleiar Morten vil ta ansvar for både å skrive årsmeldinga og for å annonsere årsmøtet. Innkallinga vil publiserast i god tid før årsmøtet, på sogelagets Facebook-side og i lokalavisa.
- Når det gjeld det tradisjonsrike foredraget i etterkant av årsmøtet vart det lagt fram fleire forslag. Etter ein frisk og fruktbar diskusjon vart styret einig om at førstevalet må vere eit bildebasert foredrag av Hole og Halkjelsvik om Vestnesavisas oppstart i tida rundt 1990. Det kan òg vere aktuelt å invitere Ola Gjendem til å halde eit foredrag om Mali Furunes, men det vil nok vere mest tenleg å vente til ei planlagd Furunes-utstilling til hausten.

4. Komande aktivitetar

- Rydding på lageret. Påfølgende utdeling av gamle årsskrift.
- Digitalisering av bygdebok-manuskript.
- Ny fotokveld til hausten. Forslag: Arrangement på Gjermundnes, som i hovudsak tek føre seg dei austlege delane av kommunen.
- Mogleg arrangement knytt til den arkeologiske utgravinga i regi av arkeologane ved NTNU.
- Moglege foredragskveld(ar): Ola Gjendem om Mali Furunes, Kristoffer Dahle om kulturminne i Vestnes.
- Omvising av styreleiar Morten ved militærbatteriet ved Øveråssjøen. Dette vil sannsynlegvis bli i byrjinga av juni.
- Utstillingar: Styreleiar skal lage ein utstilling om A.O. Sand ved Romsdalsmuseet. Etter kvart kan det bli aktuelt å flytte utstillinga til Vestnes bibliotek. På same måte kan det til hausten vere aktuelt å ha ei utstilling om Mali Furunes; først ved Romsdalsmuseet og deretter på Vestnes bibliotek.

5. Neste møte

Onsdag 28. februar, kl. 18.

Nerås, 13.01.24.

Referent: Tore Tomren